

### **litt om serien:**

Jona er ei lita bok i det Gamle Testamentet, berre 4 korte kapittel. Og det er ei merkeleg, dramatisk og fascinerande historie om ein profet som ikkje liknar på noko anna i Bibelen. Boka handlar om langt meir enn akkurat den fisken du hugsar frå søndagsskulen. Jona er småleg, trøngsynt, stolt, har nasjonalistiske tendensar og ser ned på andre. Han er rett og slett ein fyr som kjempar med retning og lydighet, oppdrag og kall, nåde og omvending, Guds bilet og sjølvbilet og mange, mange fleire ting. Kanskje her er noko vi kan kjenne oss igjen i?

### **litt om temaet:**

Jona får ein ny sjanse og denne gongen går han lydig. På og med Guds Ord får han ein enorm respons på sin motvillige og svært korte beskjed til Ninive. Dei valdelege assyrrarane reagerer med omvending og håp om Guds nåde. Men når Gud endar opp med å spare byen, går Jona fullstendig inn i depresjon. Han vil berre døy. Kvifor? Fordi Gud er ein mild Gud som er full av miskunn. Jona tåler ikkje at Gud elskar fiendane hans og held tilbake dom. Men det er jo akkurat dette karaktertrekket ved Gud som har gjort Israel til Guds folk, og som har berga livet til Jona frå stormen. Men no, når Gud konsistent syner same karaktertrekk mot dei som Jona har lagt for hat, blir han sint. Men Gud er ikkje berre Israels Paktsgud, Han er heile verda sin Skapargud. Igjen er Jona tilbake i fullstendig forvirring og Jonaboka sluttar med eit stort spørsmålsteikn. Det heng noko ubesvart i lufta. Vil denne profeten, som folka i Ninive, vende om? Vil Guds eigen profet forstå Guds hjarte for alle folkeslag og lydig bøye seg for Guds vilje? Vil vi?

# **Når Gud elskar dine fiendar**

## **lære**

**Jona 3,3-6,10; 4,1-11**

Kva er det Jona fortel, og kva er det han *let vere* å fortelje til folket i Ninive?

Kva fortel vers 4,2 og 3 oss om Jona sin kjennskap til og meining om Gud og hans planar?

Kva verkar å vere mest viktig for Jona i kapittel 4, og kva verkar å vere mest viktig for Gud?

## **vere**

Kva slags kjensler kjenner du på når folk du ikkje likar noko særleg slepp «billig» unna? Kan du kjenne deg igjen i Jona sin frustrasjon?

Slik Jona blei oppteken av busken, blir vi alle oppteke av forgjengelege ting. Korleis slår det ut for deg, og kvifor, trur du. Kva kunne eventuelt vore viktigare å fokusere på?

## **aøre**

spel av  
eller syng  
(forslag)

Lovsong:

«God of this City» (Chris Tomlin)  
«Strømmer av nåde» (David André Østby  
734: Guds kjærleik er som stranda og som graset

Salme:

## **gjere**

Kristne er (nokre gongar med god grunn) blitt skulda for å vere mest opptekne av «sine eigne». Men Gud er alle sin skapar, og har omsorg også for alle dei som ikkje trur på han. Kva de gjere eller vere med på for å gjere verda betre også for menneske som ikkje kjenner han?

## **bøn**

Takk Gud for at vi, heilt ufortent, kan få kalle oss dine arvingar og born. Minn oss på kor stort det er!

Be om Den Heilage Ande si hjelp til å dele Guds bankande farshjarte for alle dei rundt oss.

